



Vang kommune

ArkivSakID: 22/231
JournalpostID: 22/3056
ArkivID: PlanID-2015003-1,
PlanNavn-
Kommunedelplan
Tyinkrysset,
PlanType-21, GBNR-
5/1
Saksbehandlar: Ingeborg Lunde

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
025/22	Hovudutval for utvikling	26.04.2022

Mindre endring av Kommunedelplan for Kommunedelplan Tyinkrysset

Vedlegg:

29.03.2022	Planomtale mindre endring 2015003-1	187059
29.03.2022	Kommunedelplan Tyinkrysset - forslag plankart 2015003-1	187060
12.04.2022	Merknader til - Kommunedelplan Tyinkrysset - Endring av planen - Gjeld i hovudsak plassering av høgdebasseng Grøvtølen	188704
05.04.2022	NVEs innspel - Varsel om oppstart - Endring av kommunedelplan Tyinkrysset - Vang kommune	188216
11.03.2022	Statsforvalteren i Innlandet - Merknader til dispensasjonssak - kommunedelplan Tyinkrysset	186636

Saksutgreiing

I samband med forslag om mindre endring er det utarbeida ei planomtale som tek for seg følgjande tema.

- Bakgrunn for planendring
- Kva som er føreslege endra
- Konsekvensar av planendinga
 - ROS-analyse
 - Jordlova
 - Naturmangfald
 - Kulturminne
 - Naturfare
 - Vassdrag
 - Ski-trase

Plan- og bygningsloven kapittel 11 handlar om kommuneplan og §11-17 tek for seg krav ved endring og oppheving av kommuneplanen sin arealdel. Generelt ved endring og oppheving av planen gjeld same føresegrer som for utarbeiding av ny plan. Kommunestyret kan delegere myndigheit til å vedta mindre endringar i samsvar med kommuneloven sine re glar. Før ein legg fram saka for sluttbehandling, skal saka bli lagt fram for rørte myndigheiter. Det står elles lite krav om sjølve

gjennomføringa.

Det kviler eit ansvar på administrasjonen at saka som blir lagt fram for folkevalde organ skal vere forsvarleg utgreia, og utgreiinga skal gje eit faktisk og rettsleg grunnlag for å treffe vedtak, jamfør kommunelova §13-1.

I Vang kommune sitt delegeringsreglement vedteke i kommunestyremøtet 9. september 2021 er myndigheita til å vedta mindre endring etter plan- og bygningslova §11-17 lagt til kommunestyret. Kommunestyret vedtok i møte 24. mars 2022 sak 015/22 at myndigheit til å vedta mindre endring for kommunedelplan Tyinkrysset blir delegert til Hovudutval for utvikling for følgjande endring:

- Leggje til rette for høgdebasseng på gnr/bnr 5/1
- Endre arealformålet på det arealet som i gjeldande plan er avsett til høgdebasseng på gnr/bnr 6/1 til LNFR
- Gjere mindre justeringar på arealformålet knytt til naboeigedom nord for nytt høgdebasseng.

Forslag til mindre endring med planomtale vart sendt overordna myndigheiter, eigarar av eigedomar som direkte blir rørt av vedtaket og andre som blir rørt. Fristen for uttale var måndag 11. april.

Innspel under høyring

Det kom inn to innspel, eit frå NVE og eit frå fylkeskommunen, sjå vedlegg. Innspelet som Statsforvaltaren i Innlandet sendte over i fyrste runde då kommunen vurderte det som dispensasjon er også lagt ved.

NVE har ingen vesentlege merknadar, men minner om at kommunen er ansvarleg for at §28-1 i plan- og bygningsloven blir oppfylt. Fylkeskommunen ser det som positivt at kommunen gjennomfører ei planendring i staden for dispensasjon. Fylkeskommunen støttar at kommunedelplanen blir endra, og ser det som positivt at opphavleg område som er sett av til høgdebasseng blir tilbakeført til LNFR-område. Fylkeskommunen minner om at dersom det i samband med tiltak i marka blir funne automatisk freda kulturminner som ikkje er kjent, skal arbeidet stansast så fort som råd dersom det er i kontakt med kulturminnet eller innanfor ei sikringszone på fem meter, jf. kulturminnelova §8. Statsforvaltar hadde ingen vesentlege merknadar til å gje dispensasjon men tilråda at kommunen behandla saka som ei reguleringsendring framfor dispensasjon. Statsforvaltaren legg til grunn at basseng og ventilhus vert tilstrekkeleg sikra mot innbrot og sabotasje.

Kommunedirektør si vurdering av innspela

Plan og bygningslova §28-1 stiller krav om sikker byggjegrund, naturfare og konsekvensar av tiltaket er vurdert i kap. 4 i planomtalen og kommunedirektør vurderer dette som tilstrekkeleg for tiltaket. Kulturminner jf. kulturminnelova §8 er vurdert i planomtalen, kommunedirektør legg også til ein setning om dette i framlegg til vedtak.

Vurdering etter vassforskrifta

I samsvar med vassforskrifta §12 skal kommunen som myndigheit for sine vassdrag vurdere om nye aktivitetar eller nye inngrep i eit vassdrag vil føre til at vassdraget sitt kjemiske eller økologiske mål ikkje blir nådd, eller om vassdraget blir forringa. Det er ein mindre bekk som ser ut til å ha sitt opphav i det området høgdebassenget er føreslege etablert. For etablering av høgdebasseng vurderer kommunedirektør at vassforskrifta §12 ikkje kjem til bruk då bekken har eit lite nedbørsområde og mest truleg ikkje årssikker vassføring. Det er i overkant av 50 meter frå Begna til føreslege plassering av høgdebassenget.

Vurdering etter naturmangfaldlova

Jamfør Naturmangfaldlova §7 skal prinsippa i lova §§ 8 til 12 leggast til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg myndigheit, og vurderinga skal kome fram av avgjerda. For å ha eit godt

kunnskapsgrunnlag for å vurdere konsekvensane av tiltaket, jf. §8 er det gjort søk etter informasjon om førekomst av eventuelt verdifulle naturmiljø, raudlistearter, utvalde artar eller naturtypar i Miljødirektoratet sin naturbase. På bakgrunn av endringa sin storleik vurderer kommunedirektør at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg for å fatte ei avgjerd utan at ein påfører naturmangfaldet alvorleg og/eller irreversibel skade. «Føre-var-prinsippet» kjem difor ikkje til bruk.

Prinsippa i §§ 10 (om samla belastning), 11 (om at kostnadane ved verdiminking av miljøet skal berast av tiltakshavar) og 12 (om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetider) er vurdert å ikkje vere relevante.

Samla vurdering

Basert på planomtalen, innspela som kom inn under høyring og vurdering etter vassforskrift og naturmangfald vil kommunedirektør tilrå at mindre endring for kommunedelplan Tyinkrysset med planID 2015003-1 blir vedteken.

Kommunedirektør sitt framlegg til vedtak

Hovudtutval for utvikling vedtek med dette mindre endring av kommunedelplan Tyinkrysset med planID 2015003-1 med heimel i plan og bygningslova §11-17 og KS sak 015/22.

Dersom det i samband med tiltak i marka vert funne automatisk freda kulturminne som ikkje er kjend frå før, skal arbeidet straks stansast i den grad det rører ved kulturminnet eller er innanfor ei sikringssone på fem meter, jf. lov om kulturminne §8.

Hovudtutval for utvikling 26.04.2022:

Behandling:

Terje Eldegard tok opp sin habilitet. Han vart erklært inhabil.

Framlegg til vedtak: Samrøystes vedteke.

HU- 025/22 Vedtak:

Kommunedirektør sitt framlegg til vedtak

Hovudtutval for utvikling vedtek med dette mindre endring av kommunedelplan Tyinkrysset med planID 2015003-1 med heimel i plan og bygningslova §11-17 og KS sak 015/22.

Dersom det i samband med tiltak i marka vert funne automatisk freda kulturminne som ikkje er kjend frå før, skal arbeidet straks stansast i den grad det rører ved kulturminnet eller er innanfor ei sikringssone på fem meter, jf. lov om kulturminne §8.